



Skjåk kommune
Plan, samfunn og miljø

DNT Oslo og Omegn – Driftsavdelingen
v/ Tor Martin Stenseng
Postboks 7 Sentrum
0101 OSLO

Delegert vedtak

Vår ref
2013/23/8/K12

Dykkar ref:

Saksbehandlar
Tor Taraldsrud
tor.taraldsrud@skjaak.kommune.no

Dato
07.02.2013

Saka gjeld: Søknad om kvisting og transport til Torsbu selvbetjeningshytte i Reinheimen - DNT Oslo og Omegn

Søknad om kvisting og transport til Torsbu selvbetjeningshytte i Reinheimen.

DNT Oslo og Omegn vil med dette søke om bruk av skuter i forbindelse med kvisting av ruta fra Billingen — Torsbu - Kariløytet, og transport av varer, ved og gass til Torsbu selvbetjeningshytte.

Kvisting og ettersyn utføres av Skjåk Røde Kors Hjelpekorps.

Transport av varer, ved og gass til Torsbu utføres av tilsyn Marvin Banken, 2693 Nordberg. Registreringsnummer på skuteren er HV 4449.

DNT Oslo og Omegn søker om i alt 12 turer for frakt av nødvendig utstyr til hytta, i perioden 15. februar til 1. mai.

Vi presiserer at all transport av varer og utstyr til Torsbu foregår med skuter på vinteren. Hytta har ca 500 overnattende gjester hvert år.

Vi håper på en rask behandling av søknaden.

For ytterligere informasjon eller spørsmål kontakt undertegnede på telefon 22 82 28 88.

*Med hilsen
Tor Martin Stenseng
Inspektør driftsavdelingen*

Vurdering

Det blir søkt om bruk av snøscooter til 2 føremål:

1. Kvisting og ettersyn av ruta fra Billingen - Torsbu - Kariløytet, i regi av Skjåk Røde Kors hjelpekorps.
2. Transport av varer, ved og gass til Torsbu utføres av tilsyn Marvin Banken, 2693 Nordberg.

Postadresse
2690 Skjåk
E-post: post@skjaak.kommune.no

Heimeside
www.skjaak.kommune.no

Telefon
61217000
Telefaks
61217001

Bank
2085.07.40004
Org.nr
961381096

1. Kvisting og tilsyn.

Verksemda vil innan Skjåk kommune skje i Reinheimen nasjonalpark. Motorferdsel skal generelt haldast på eit så lågt nivå som mogleg i verneområdet. Frå søker blir det opplyst at dei og arbeider for å halde motorferdsla på eit så lågt nivå som mogleg av fleire årsaker, ikkje minst sida transporten og er ein betydeleg kostnad.

Den omsøkte trasèen går gjennom Reinheimen nasjonalpark i Skjåk kommune. I forvaltningsplan for Reinheimen heiter det:

”Ved merking av vintermerka løyper i regi av Ålesund og Sunnmøre Turistforening / DNT Oslo og Omegn, jf forvaltningsplanen kap 4.4.1 tabell 3 og temakart nr 3, kan det gjevast dispensasjon (jf verneforskrifta § 4) for bruk av snøscooter ved oppsetting og nedattaking av merkekvistar, men ikkje for tilsyn med løypene.”

I forskrifta for Reinheimen nasjonalpark er det ikkje paragrafer som direkte nemner at motorferdsel i samband med skiløypemerking er direkte heimla eller kan tillatast etter søknad. Det er knytt eit vesentleg sikkerheitsaspekt til kvistinga. I § 48 i Naturmangfaldlova er sikkerheitsomsyn kome inn som ei grunngeving for å kunne gi dispensasjon. Blir kvistinga utført på ein omsynsfull måte skal det ikkje påverke verneverdiane nemneverdig eller stride mot verneformålet. Forvaltningsmyndigheita vurderer derfor formålet saman med vurderingane etter NML §§ 8 – 12 som tilstrekkelig til å kunne gi dispensasjon frå verneforskrifta som omsøkt på vilkår.

Løypa som skal stikkast er lang, Skjåk kommune ser at det kan vera naudsynt med fleire snøscooterar samtidig for å få med alle stikk. Etter vår vurdering gir det mindre belastning på naturen med ein tur med fleire snøscooterar enn fleire turar med ein snøscooter. Det blir derfor gjeve løyve til å nytte 4 snøscooterar samstundes. Skjåk røde kors hjelpekorps har og stikking av trasèen Veltdalshytta – Danskehytta - Grotli og kan kombinere desse oppdraga og bidra til mindre motorferdsel totalt sett.

Motorferdselsforskrifta § 3e) heimler preparering av skiløyper når det foretas av hjelpekorps:

§ 3. Motorkjøretøy kan på vinterføre nyttas til:

e) opparbeiding og preparering av skiløyper og skibakker for allmennheten og for konkurranser, når det foretas av kommuner, hjelpekorps, idrettslag, turlag eller turistbedrifter,

2. Transport av varer, ved og gass til Torsbu

Søknaden gjeld transport av varer, ved og gass til turistforeningshytta Torsbu. Det blir søkt om 12 turar. Hytta er ei av dei mest brukte i rutenettet over mot Tafjordfjella og Romsdalsfjella og behovet for transport ligg på eit akseptabelt nivå ut ifrå bruken.

I verneforskriftene for Reinheimen nasjonalpark § 3 pkt 6.3 b) kan forvaltningsmynde gje løyve til:

Bruk av beltegåande køyretøy på snødekt mark langs etablerte traséar eller lufttransport for nødvendig transport av ved, materialar eller varer til buer og hytter, utkøyring av båt.

Verneforskrifta heimlar oppdraget etter søknad. Fortrinnsvis skal slik køyring skje med leigekøyrar. Sidan det her og er snakk om tilsyn med turisthytta meiner vi det er grunnlag for å gje løyve til tilsynsmannen.

I følge § 7 i Naturmangfaldlova skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsipp som går fram av § 8–12:

§ 8 - kunnskapsgrunnlaget: Området merkinga skal gjerast i har få inngrep. Heile traseen er snørisk slik at transport vil setja lite eller ingen varige spor. På denne tida av året er det normalt ikkje rein i området.

§ 9 - føre-var prinsippet: Risiko for alvorlege eller irreversible skade er minimal slik ein kjenner bruken av transportetappa frå mange turar tidlegare.

§ 10 - samla belastning for økosystemet: Traseane det gjeld har vore brukt svært lenge og eignar seg godt. Ein vurderer den samla belastninga over tid som minimal.

§ 11 – kostnader ved miljøskade: Eventuelle skader på natur og miljø p.g.a. transporten må erstattast av tiltakshavar.

§ 12 - miljøforsvarlege teknikkar, driftsmetodar og lokalisering: Tiltaket vil bli gjennomført med snøscooter. Det er ikkje andre kjente teknikkar som er betre egna. Det skal brukast stikk av naturlege norske treslag. Det bør kontrollerast med jamne mellomrom om kvisten representerer ei forureiningskjelde sidan den ikkje kan brukast oppatt år for år.

Forvaltningsplanen kap 4.7.2 gir retningsliner om at køyring på snødekt mark normalt ikkje skal skje etter 20. april.

Vedtak

1. Stikking av løyper- Skjåk Røde Kors Hjelpekorps (Leigekøyrar).

Skjåk kommune vedtek, men heimel i NML §48 å gje Skjåk Røde Kors Hjelpekorps, 2690 SKJÅK, løyve til stikking av vinterløyper etter trase som brukt tidlegare i området, Billingen/Torsbu/Kariløyfte/Vetldalsbu.

2. Transport av varer, ved og gass til Torsbu

Skjåk kommune gir løyve med heimel i Verneforskrift for Reinheimen §3, punkt 6.3.b) til transport av varer, ved og gass til turistforeiningshytta Torsbu. Løyvet er gitt til tilsynsmann Marvin Banken, 2693 Nordberg. Registreringsnummer på skuteren er HV 4449

Løyvet blir gjeve på følgjande vilkår:

1. Det skal brukast naturleg nedbrytbart materiale(kvist) til kvistinga.
2. Rutene som skal merkast er følgjande av DNT's vinterruter: Billingen- Torsbu, Vetldalshytta-Billingen, Torsbu-Vetldalshytta om Kupvatnet og Tordbu- Vetldalshytta om Litlefjell. Køyringa er avgrensa til sjølve kvistetraseen.
3. Løyvet gjeld i perioden 15.02.13 – 20.04.13.
4. Løyvet i forbindelse med kvisting av rutene (nr 1) gjeld for inntil 4 snøscooterar samtidig.
5. Løyvet for transport av varer, ved og gass til Torsbu (nr 2) gjeld for inntil 12 turar.
6. For å redusere køyringa til eit minimum skal kontroll og ettersyn koordinerast med oppsynet i Skjåk Almenning og SNO personell som har oppdrag i same området.
7. SNO v/ Per Olav Haugen, tlf. 97057213, skal varslast på førehand om når oppdraget blir gjennomført og kven som skal delta. Skjer ikkje dette kan løyvet bli trekt attende.
8. All køyring skal skje så skånsamt som råd, med tanke på natur og miljø.
9. Det skal takast spesielt omsyn til villreinen under transporten. Om det er rein i planlagt køyrerute skal man vente til dyra har trekt unna, eller til ein kan køyre rundt dyra i en avstand på minimum 500 m på le side.
10. Det skal førast køyrebok som blir utfylt på førehand og som følgjer med under køyringa. Forvaltningstyresmakta skal ha køyreboka til gjennomsyn innan 5.juni 2013.
11. Transportoppdraga skal planleggast og samordnast slik at totalt antal turar blir avgrensa til eit minimum

Løyvet avgrensar ikkje grunneigaren sin rett til å nekte ferdsel på eigen grunn. Det er søkjaren sitt ansvar å innhente dette.

*Vedtaket kan klagast til Direktoratet for naturforvaltning. Klaga skal sendast skriftleg til **Skjåk kommune**. Gje opplysning om vedtaket det blir klaga over, den eller dei endringane du ynskjer, og dei grunnane du vil leggje til grunn for klaga.*

Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen brevet kom fram til adressaten. Klaga må vera postlagt innan fristens utløp. Dersom du klagar så seint at det kan vere tvil om du har klaga i rett tid, må du og opplyse når denne meldinga kom fram.

Med helsing



Tor Taraldsrud
Miljøvernkonsulent

Kopi til:

DN
FM Oppland
KUR
Lesja kommune
Lom kommune
Norddal kommune

Rauma kommune
Vågå kommune
SNO-Skjåk
SNO-Åndalsnes
Skjåk Almenning